

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: **tysdag 27. februar 2018**
Tid: **kl. 18.00**
Sted: **Kantina, Tysvær rådhus**

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på sekretariatet si www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/innkalla i sakene 2-4/18. Ordførar vil orientere under sak 8/18.

Saksliste:

- 1/18 Godkjenning av protokoll fra møtet 14.11.17
- 2/18 Orientering fra administrasjonen - plansjefen
- 3/18 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Internkontroll» - 2. gang – ny statusrapport
- 4/18 Oppfølging av forvaltningsrapport om «Kvalitet på opplæringa i skulane»
- 5/18 Prosjektmandat – «Investeringar – avgjersgrunnlag og styring»
- 6/18 Deltaking i selskapskontroll – Karmsund Havn IKS
- 7/18 Årsmelding for 2017 fra kontrollutvalet
- 8/18 Referat- og orienteringssaker 27.02.18

Eventuelt

Aksdal, 20.02.18

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/innkalla)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utvall	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	27.02.18	1/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 14.11.17

Vedlegg: Protokoll fra møtet 14.11.17

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 14.11.17 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen, slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 14.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 20.01.18

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Tysdag **14. november 2017** ble det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 21.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP), Åse Paulsen (A) og Karsten A. Larsen (FrP) Larsen forlét møtet før votering av sak 26/17, kl. 20.00
MØTANDE VARAMEDLEM	1. varamedlem Marit Hølland Gjedrem (Sp)
FORFALL:	Linda Ånderå Bokn (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS Forvaltningsrevisorane Ole Willy Fundingsrud og Bjørg Rabbe Sandven, KPMG Bergen, t.o.m. sak 28/17, kl. 20.15
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Arvid Vallestad Økonomisjef/ass. rådmann Tor Leif Helgesen Helse- og førebyggingssjef Jorid Vea Isdahl i sak 25/17 Teknisk sjef Bjørn Bruaset og seksjonssjef Bjørg Tone Vikshåland i sak 29/17, pkt. 35-37
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Sigmund Lier gjekk under sak 26/17, kl. 19.50
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sakene blei handsama slik: sak 24, 25, 29 pkt. 35-37, 26, 28, 27 og 29/17 pkt. 34 og 38-45

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 24/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 05.09.17****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 05.09.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.17:

Protokoll fra møtet i kontrollutvalet 05.09.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 25/17 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – HELSE OG FØREBYGGING

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek helse- og førebyggingssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.17:

Helse- og førebyggingssjef Isdahl orienterte og viste lysark. Resultatområdet er delt inn i 6 seksjonar, og i tillegg fleire kommunedekkande koordinatorar med totalt 201 årsverk og 266 tilsette. For 2018 er brutto driftskostnadene nær 200 mill. kr, som utgjer 23 % av kommunen sine samla kostnader. Tenestene er regulert gjennom mange særlover. Ansvaret forankra i kommuneplanen, kor «samordning», «førebygging» og «tidleg innsats» er nøkkelord. Folkehelseperspektivet står også sterkt. Av hovudutfordringar blei tenester til born og unge, helsetenester, sosiale tenester og tenester til funksjonshemma nemnt spesielt.

Innsparingskrav på 7 mill. kr har ført til at kommunen har redusert talet på butiltak frå 6 til 4, og difor behov for færre tilsette. Innflytting i nye lokale er planlagt 01.01.19. Her vil det også komme eit kommunedekkande dag- og aktivitetstilbod. Også mottaket av flyktningar vil også bli vurdert som følge av reduksjon (10 flyktningar i 2018 mot 30-40 tidlegare år). Ho omtala også innom tidlegare tilsyn innan ulike område, som Kvalitetsprogrammet, spesialped. og nytta av Eigenrapportering innan barnevern, helsestasjonenesta og råd og rettleiing i NAV.

Utvalet stilte spørsmål knytte til sjukefråver, turnus og nye bemanningsplanar som ho svara på. Utvalsleiar takka for ein oversiktleg og grei orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.17:

Tysvær kontrollutval tek helse- og førebyggingssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 26/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «ØKONOMISTYRING»

Sekretariatet si innstilling:

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «økonomistyring» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.17:

Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisorane gjekk så gjennom rapporten sine problemstillingar, deira funn, vurderingar og tilrådingar. Dei presiserte at dei ikkje hadde eller kunne gje detaljerte råd, då dei må ta omsyn til sitt revisjonsmandat.

Dei meinte kommunen hadde fyldig økonomiplan og hadde iverksett innsparing, men at analysane var noko mangelfulle. Dei tillitsvalte meinte prosessen totalt sett hadde vore styrt bra. Reduksjonen i kostnadsnivået dei siste åra var både resultat av «ostehøvel» kutt og vedtekne planar om omstilling (nå 112 % høgare enn landsgjennomsnitt, tidlegare 120 %).

Utvalsleiar var oppteken av om det var mogeleg å finne ut kvifor kommunen sine institusjonsplassar var så mykje dyrare enn andre kommunar, til dømes Bømlo.

Rådmannen meinte at rapporten underkommuniserte kva kommunen/administrasjonen hadde gjort dei siste ti år. Dei hadde gjort god sparing innan skule, strukturelle grep innan barnehage, og nå var dei i gang innan helse og førebygging. Han var samd i at dei måtte jobbe vidare med analyser og å finne «kostnadsdrivarane». Omlegging frå institusjonar til open heimebaserte tenester var ei tung «skute» å snu.

Utvalet kom med spørsmål om beleggsprosent og kriterier for institusjonsplass.

Ordførar framheva at frå politikarane var dei nøyde med den økonomirapportering som var kome frå administrasjonen. Han var no svært bekymra for framlegg i statsbudsjett 2018, som ville kunne innebere dramatiske kutt og store omstillingar i åra framover.

Utvalet meinte frist på eit år var greitt for tilbakemelding, spesielt med tanke på at kommunen ville få ny rådmann til våren. Innstillinga ble vedteken med fire stemmer, då Karsten A. Larsen (FrP) gjekk rett før votering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.17 og innstilling til kommunestyret:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «økonomistyring» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 27/17 RÅDMANNENS BUDSJETTFRAMLEGG 2018 og ØKONOMIPLAN 2018-21

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar orienteringa om rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan for Tysvær kommune 2018-2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.17:

Rådmannen orienterte og viste til dei viktigaste kapitla i sitt framlegg: kap. 1,6 Planføresetnader, kap. 2.1 Status for sparing. Det var i år lagt inn eit eige kapittel om

Sentrumsutvikling. I kap. 5 er investeringane omtala. I åra 2018-2021 er det lagt 557 mill. kr, som er historisk høgt. Det er ikkje lagt inn auke i netto lånegjeld. I fjar hadde kommunen det 4. beste resultatet i landet og overskotet er satt i fond.

Rådmannen skisserte nye grep, som omstilling innan helse og omsorg med nye butiltak, oppstart av ny skulebruksplan, nytt teknisk driftsbygg på næringsfeltet.

Omlegging av eigedomsskatten vil gje ein svært negativ utvikling, og kommunen vil miste sitt handlingsrom. Tidlegare spareplan vil vere innfridd i 2021, men ny er no varsle og må på plass frå 2020.

Øyvind Hellerslien ønskte eit detaljert talbudsjett. Rådmannen viste til at budsjettet dei siste år var vedtatt på netto rammenivå. Dei hadde frå formannskapet ikkje høyrt ønske om eit lågare nivå på budsjetteringa. Einingsleiarane hadde sjølv sagt meir kjennskap til dei enkelte budsjettpostane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.17:

Kontrollutvalet tar orienteringa om rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan for Tysvær kommune 2018-2021 til orientering.

SAK 28/17 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til neste møtet på nyåret 2018.

Tysvær kontrollutval er positiv til ein invitasjon til å delta i felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med utkast til prosjektmandat som vil bli lagt fram.

Tysvær kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne utkast til prosjektmandat som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.17:

Utvalsleiar innleia og viste til vedtatt plan og nyleg avgjort rapport. Som utvalsleiar nemnde i innleiinga, kom også Øyvind Hellerslien inn på at prioritering nr 3 «Kvalitet-/ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorg» ikkje burde veljast, då prosjektet ville likne mykje på nr 2. Han meinte det var betre heller at utvalet valte blant dei uprioriterte. Han gjorde framlegg om eit prosjekt om «investeringar», og hadde formulert ei halvside med innspel knytt til dette temaet. Utvalet var samd i å omprioritere og støtta framlegg til prosjekt. Også revisjonen støtta ei slik omprioritering.

Utvalsleiar leste opp Hellerslien sine innspel, og utvalet var samd om at dei skulle sendast over til revisorane. Dei ville så vurdere dei opp mot utkast til prosjektmandat og aktuelle problemstillingar til neste møte.

Utvalet slutta seg til invitasjonen til felles selskapskontroll og hadde ingen merknader til å gje utvalsleiar fullmakt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.17:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring”, med utgangspunkt i innleverte innspel til neste møtet på nyåret 2018.

Tysvær kontrollutval er positiv til ein invitasjon til å delta i felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med utkast til prosjektmandat som vil bli lagt fram.

Tysvær kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne utkast til prosjektmandat som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

SAK 29/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.11.17

34. Statusrapport pr. november 2017
35. Brev frå Lars J. Leranger om forhold rundt gnr. 152, bnr. 2, Leiranger
36. Førebelts svar til L.J. Leranger og brev til Tysvær kommune om uttale
37. Tilbakemelding om forhold rundt gnr. 152, bnr. 2, Leiranger v/teknisk sjef og seksjonssjef
38. Innkalling til ekstraord. generalforsamling i Haugaland Kraft AS den 14.11.17
39. Ny innkalling til ekstraord. generalforsamling i Haugaland Kraft AS den 14.11.17
40. Sekretariatet sitt brev - innsynsrett – Haugaland Kraft AS
41. Sekretariatet sitt brev – tilbod på revisor oppdrag og prosjektplan – Karmsund Havn IKS
42. Innkalling av generalforsamling i HIM IKS – 29.11.17 kl. 11.00, Toraneset Miljøpark
43. Legemeldt sjukefråver – 1. halvår 2017 – kommunar på Haugalandet
44. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – Når kommunestyret har hastverk
45. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland- program - påmelding

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.17:

34. Statusrapport

Etter planen vil plansjefen bli invitert til neste møte. Utvalsleiar spurte utvalet om det kunne vere av interesse å be om ei orientering om innkjøp. Utvalet støtta framlegget. Utvalssekreter vil sjå om ein skal ha to orienteringar i neste møte eller ta orienteringa i mai.

35-37 – Forhold rundt gnr. 152, bnr. 2, Leiranger

Utvalsleiar presiserte at utvalet ønskte å vite meir om sakshandsaminga, ikkje det privatrettslege. Teknisk sjef gjorde greie for kommuneplanarbeidet i 2007 med fortetting i naustområder, ny plan i 2012 og i 2015 for fritidsformål og småbåthamn. Seksjonssjef gjorde greie for at sakene i området hadde vore kompliserte og dratt ut i tid. Dei var sakshandsama grundig og omfattande (fleire gonger i planutvalet og med settefylkesmann). Utvalet hadde spørsmål om bruk av orienteringar og informasjonsmøte til grunneigarar. Her er det inga lovkrav, men dei var samde i at slikt kunne letta arbeidet seinare. Utvalet meinte det ikkje var saklege grunnar til å gå vidare med saka.

38-40 Haugaland Kraft AS og innsyn

Utvalssekreter opplyste at nye vedtekter var vedtatt i dag. Dei sikrar kontrollutval og revisor fortsatt innsynsrett i selskapet, også etter at dei har opna opp for private eigarar.

45. – Haustkonferansen 30.11.17 i Sandnes

Utvalsleiar Arne Gjerde og Åse Paulsen vil delta.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.17:

Referatsakene nr 34 –45 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval avviser sak frå Lars J. Leranger då kontrollutvalet ikkje finn at det er naudsynt å gå vidare med dei forhold rundt gnr. 152, bnr. 2 som er tatt opp i brev av 01.11.17

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering om kommunens innkjøp – rutinar og samarbeid til neste møte eller maimøtet.

EVENTUELTT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: tysdag **27. februar** 2018, kl. 18.00. Av saker: orientering frå plansjefen, prosjektmandat om «Investeringar», oppfølging av rapport «Kvalitet på opplæring i skulane» evt. og «Internkontroll».

Aksdal, 14. november 2017

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekreterær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	27.02.18	2/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – PLANSJEFEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 ein plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane i møta framover. Orienteringane var/er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Planen blei oversendt rådmannen 14.02.16 og i brevet gjekk det fram at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte.

Personal- og org.sjef Kristin Helle møtte i maimøtet og skulesjef Eli Krokedal i september 2016. Barnehagesjef Anne-Lise Myrvoll møtte i november 2016 og omsorgssjef Annbjørg Lunde møtte i februar 2017. I mai møtte teknisk sjef Bjørn Bruaset. I september 2017 møtte kultursjef Ingvar Frøyland og i november helse- og førebyggingssef Jorid Vea Isdahl. Til dette møtet har sekretariatet avtalt med **plansjef Linda Christine Olsen** at hun kommer og orienterer.

Det er rådmannen som vel om han også møter eller om Olsen møter som representant for rådmannen. I neste møte er det økonomisjefen sin tur til å orientere. Det vil då også komme ein orienteringssak om kommunen sine innkjøp, i tillegg til handsaming av årsrekneskapen.

Utalet blei samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utalet kunne komme med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg, slik at dei inviterte skal kunne førebu seg.

Sekretariatet har tidlegare bede om at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står foran, herunder seie litt om følgjande punkter:

Generelt om arbeidsfeltet:

- plassering i organisasjon
- tjenestetilbod
- personale: tal på tilsette, kompetanse, sjukefråver
- økonomi

Tanker om framtida:

- tenestebehov/tilbod – utfordringar/endringar
- kompetansebehov
- evaluering/utvikling

Kontroll og tilsyn:


- tidlegare forvaltningsrevisjonar og tilsyn
- I så fall, kva har desse ført til?

Dei innbudte har tilpassa si orientering til deira fag- og ansvarsområde.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek plansjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 20.02.18



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	27.02.18	3/18
Kommunestyret	20.03.18	
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM «INTERNKONTROLL» - 2. GANG - NY STATUSRAPPORT

Vedlegg: Brev fra rådmannen , dagsett 18.01.18, registrert inn til sekretariatet 20.02.18

Saksorientering:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok samråystes i møtet 12.04.16, sak 14/16 følgjande:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Internkontroll – Tysvær kommune 2015» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sin hovudbodskap og tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Rapporten blei utarbeida i 2015 og lagt fram for kontrollutvalet i møtet 01.09.15, sak 15/15. Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Kommunen har for tida to prosessar/prosjekt gåande, høvesvis nytt system for kvalitetsstyring og nytt styringssystem. Felles for styringssystem og kvalitetsstyring er at dei begge er ledd i å etablere "orden i eige hus" gjennom planlagde og strukturerte prosessar og aktivitetar.

Vurderer ein god praksis for styring og kvalitet opp i mot kommunen sine pågåande prosessar, er KPMG sin vurdering at det ligg føre vesentlege manglar.

Ut i frå revisjonen sitt føremål og problemstillingar, kan manglane grupperast i to:

- *Systemet for kvalitetsstyring er ikkje tilstrekkeleg integrert i styringssystemet*
- *Prosjektorganiseringa for nytt kvalitstssystem framstår uklar.*

Det er vår vurdering at kommunen kan ta grep for å bringe prosessane inn på "rett spor".

Basert på våre funn og vurderingar rår vi til følgjande:

- *Kommunen bør gripe fatt i prosjektorganiseringa for kvalitetssystemet ved å redefinere organisering, leveransekrav, ansvar og tidsfristar for prosjektet.*
- *I det vidare arbeidet med å utvikle kvalitetssystemet, bør kommunen ha eit ytterligare fokus på integrering med styringssystemet, og bør då særlig sjå på:*
 - **Rutinar:**
 - kartlegge kva rutinar som gjenstår å få på plass,
 - presisere i endå større grad kva form rutinar skal ha,
 - tydeliggjere i kva tilhøve dei skal stå til kvarandre (hierarki), deriblant plassering av rutinar og andre sentrale dokument, samt kopling dei imellom
 - system for å formidle rutinar ut til alle tilsette,
 - **Operasjonalisere og tydeliggjere styringssystemet ved hjelp av aktivitetar og rutinar:**
 - Basere den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse,
 - System for å handtere og rapportere avvik,
 - System for å følge opp og rapportere korleis strategiar/ rutinar for styring og kvalitet vert tatt i vare.

Oppfølging av rapport - 1. gang i 2017

Kontrollutvalet handsama oppfølging av rapport i møtet 07.02.17, sak 4/17 og saka blei sendt vidare til kommunestyret. Tysvær kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 07.03.17, sak 12/17 følgjande:

1. *Tysvær kommunstyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Internkontroll» til orientering.*
2. *kommunestyret har merka seg at dei påpeika manglane ikkje er retta opp, men at planar for dette er lagt, og at forbeteringar er under arbeid.*
3. *Kommunestyret ber om ny statusrapport blir lagt fram innan 1. mars 2018 via kontrollutvalet.*

Rådmannen skreiv i si tilbakemeldinga 26.01.17 mellom anna:

Status for arbeidet med internkontrollen (kvalitetssystemet) pr. 01.01.2017

Kvalitetshandboka blei handsama i AMU 28. april 2016 og ADMU 24.mai 2016. Kvalitetshandboka svara på ein del av det KPMG gir tilbakemelding på i sin rapport. Handboka er vedlagt denne tilbakemeldinga til kontrollutvalet.

Dokumentmodul:

Organisasjonen er komen godt i veg når det gjeld dokumentmodulen. Det manglar framleis ein del, og for dette må kvart resultatområde legga ein plan for korleis ein skal komma i mål. Samstundes er det slik at arbeid med ein internkontroll aldri kan ferdigstillast. Det skal vera slik at ein har stadig revisjonar og oppdateringar slik at dokumenta til ei kvar tid stemmer i forhold til gjeldande praksis, lov og avtaleverk. Det vil også heile tida avdekkast behov for nye retningslinjer, prosedyrar og rutinar. Kvalitetsarbeid er ein kontinuerleg arbeidsprosess.

Avviksmodulen:

Når det gjeld avviksmodulen er status for denne ikkje slik ein kunne ønska. Det er fortsatt tenester som ikkje har fått opplæring, og organisasjonen melder ikkje nok avvik. Avviksmodulen må derfor få ekstra fokus dette året.

Det er fleire grunnar til at ein er komen for kort i innføring avviksmodulen. Ei av årsakene er kapasitetsutfordringar for dei som har hatt ansvar for innføringa. Nødvendig dagleg drift av organisasjonen har gått på bekostning av opplæring og oppfølging av avviksmodulen.

Evalueringa som skal gjennomførast må også ta opp i seg ei vurdering av korleis ein innførte systemet, og kva ressursar som blei sett av. Dette er eit stort organisasjonsprosjekt som krev ressursar både i innføringsfasen og i oppfølging av systemet.

Risikomodul:

Det har vore planlagd oppstart av innføring av risikomodulen dette året. Dette blir førebels lagt på is i påvente av at dokumentmodulen og avviksmodulen er på plass. Det kan likevel nemnast at ein skal ha opplæring i risikovurdering for HMS-gruppene i løpet av våren/ettersommar 2017.

Oppfølging av rapport - 2. gang i 2018

Rådmannen har i brev, dagsett 18.01.18 gjeve tilbakemelding på status for dei omtala punkta og korleis dei er blitt følt opp. Det gjeld:

- RiskManager sin plass i kommunens internkontrollsysteem,
- korleis kvalitetsystemet er organisert,
- status for dokumentmodulen,
- status for avviksmodulen og
- status for risikomodulen.

Brevet følgjer saka som mangfoldiggjort vedlegg. Kvalitetshandboka er ikkje lagt ved, men følger saka som ikkje-mangfoldiggjort vedlegg.

Sekretariatet sine kommentarar


I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følgjer opp rapportar. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Det skal også rapporterast til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følt opp på ein tilfredsstillande måte. Saka skal uansett til kommunestyret då utvalet skal avgje rapport til kommunestyre om korleis merknader til rapport er følt opp.

Dette synes no ikkje vere aktuelt, då siste tilbakemelding visar at tilrådingane er følt opp og dei planar som var lagt i 2016 og 2017 er følt opp og gjennomført. Vidare vert det arbeida systematisk og kontinuerlig med kommunen sitt internkontrollsysteem. Jamnleg opplæring av nyttilsette er her viktig forutsetnad for å lukkast med det vidare arbeid.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport om internkontroll frå 2015 og rådmannen sin tilbakemelding om kommunens internkontrollsysten pr. januar 2018 til orientering.

Aksdal, 20.02.18



Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekreter



Saksbehandler: Bente Dahl-Larsen Tlf. 52 75 71 08 Arkiv:217/446

Deres ref:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat

**Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS**Mottatt dato: 16.02.18
Journalført: 18/691tha
Arkivkode: 216

OPPFØLGING AV RAPPORT OM INTERNKONTROLL

Bakgrunn

I møte den 03.02.2015 vedtok Kontrollutvalget å gjennomføre et forvaltningsrevisjonsprosjekt rettet mot internkontroll i kommunen. «Internkontroll/kvalitetssystem» er et område i Plan for Forvaltningsrevisjon 2012-2015, som ble vedtatt i Kommunestyret 18.12.2012. I den overordnede analysen til planen går det bl.a. frem:

«God internkontroll er et virkemiddel for å sikre at mål blir nådd og krav blir etterlevd, f.eks. at innbyggerne blir tilbuddt de tjenester som de har krav på. Rådmannen er i kommuneloven pålagt å sørge for internkontroll for å sikre at kommunen oppfyller lov, forskrifter og politiske vedtak.»

Kommunestyret ba i møte 07.03.17, sak 12/17, om en ny statusoppdatering, via kontrollutvalget, innen 1. mars 2018.

RiskManager sin plass i kommunens internkontrollsysten

I tråd med kommunelovens § 23 skal Rådmannen påse at kommunen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser og at den er gjenstand for betryggende kontroll. RiskManager, som er Tysvær kommune sitt kvalitetssystem, er et viktig virkemiddel for at administrasjonen kan oppfylle kravet i denne loven.

Internkontroll gjennomføres i dag som systematiske tiltak som skal sikre at kommunen planlegger, organiserer, utfører og vedlikeholder våre aktiviteter i samsvar med gjeldende regelverkskrav og mål for kommunen. RiskManager er vårt ledelsesverktøy som brukes i dag som et hjelpemiddel for styring og utvikling av den daglige drift ved alle seksjoner og arbeidssteder i kommunen.

Da kommunen gikk i 2013 til innkjøp av Risk Manager, startet arbeidet med etablering og implementering, og en oppnevnt prosjektgruppe ble nedsatt for å jobbe kontinuerlig med implementeringen av kvalitetssystem i hele kommunen. Gjennom de påfølgende 2 år ble RiskManager gjort digitalt tilgjengelig i alle resultatområder i Tysvær kommune. Opplæring ble systematisk gjennomført i alle enheter og arbeidet begynte å vise gode resultater.

Kvalitetsarbeidet pågår nå systematisk i Tysvær kommune, og frem til 2018 har kommunen implementert hele 3 moduler i Risk Manager. Dette er:

- Dokumentmodulen
- Avviksmodulen
- Risikomodulen

Hvordan er kvalitetssystemet organisert?

Rådmannen er den øverste ansvarlige for kvalitetssystemet. Personal – og organisasjonssjefen er systemeier og har overordnet systemansvar. Alle resultatområdelederne og seksjonslederne har ansvar for at kvalitetssystemet er oppdatert og i bruk i sitt resultatområde.

Risk Manager er tilgjengelig for alle ansatte via kommunens arbeidsflate:

The screenshot shows the Tysvær kommune - forside dashboard. A yellow circle highlights the 'Kvalitetssystem' (Quality System) button in the top right corner. Below it, there's a section titled 'Meld avvik' (Report deviation). The main content area displays various data tables and charts related to quality management.

Kvalitetssystem:

«Organisasjonsstruktur, prosedyre, prosesser og ressurser som er nødvendig for å iverksette kvalitetsledelse.» (NS-ISO 8402)

Kvalitetssikring:

«Alle planlagte systematiske aktiviteter som er iverksatt som del av kvalitetssystem og påvist som nødvendig for å skaffe tilstrekkelig tiltro til at enhver vil oppfylle kravene til kvalitet.» (NS-ISO 8402)

Status for dokumentmodulen

Høsten 2017 ble det gjennomført en spørreundersøkelse som var rettet til alle redaktørene og koordinatorene av Risk Manager i Tysvær kommune. Til sammen representerer disse, alle resultatområdene i kommunen. Dette som et ledd i status kartlegging vedrørende kontinuerlig forbedringsarbeid med kommunens kvalitetssystem.

Spørreundersøkelsen ga følgende funn:

- Alle resultatområdene har implementert skreddersydde rutiner og prosedyrer gjeldende for sin enhet.
- Alle enheter har mål om å ferdigstille evt. manglende rutiner og prosedyrer innen utløpet av 2018.
- Alle enheter jobber systematisk med mål om å ha et kontinuerlig levende kvalitetssystem.
- Det er fortsatt behov for kontinuerlig opplæring i kvalitetssystemet, både for koordinatorene og øvrige ansatte som bruker systemet.
- Det finnes fortsatt gamle papir dokumenter og permer ute i enhetene, som ikke er slettet og/eller tatt bort.
- Det er ikke tilstrekkelig fokus i enhetenes ledermøter på kvalitetssystemet.

Det er behov for ytterlig opplæring og presisering av både bruken og informasjon om kvalitetssystemet som sådan. I 2017 ble det gjennomført flere individuelt tilpasset opplæring av koordinatorer, med gode tilbakemeldinger. Agendaen i disse kursene var skreddersydd etter deltakernes behov og konkret forespørsel. Det planlegges flere tilsvarende opplæring i 2018.

Det fremkom også at alle resultatområdene bruker Risk Manager som det verktøyet det har som intensjon, og alle resultatområdene har implementert prosedyrer i kvalitetssystemet.

I 2018 skal det også foreligge en enda tydeligere rolle- og forventningsavklaring overfor koordinatorene. Det er koordinatorene som er bindeleddet mellom administrasjonen og enhetene, og er av den grunn svært viktige medspillere i å nå kommunen sitt mål om å ha et levende kvalitetssystem. Koordinatorene har som oppgave å informere og følge opp arbeidet med sin enhets kvalitetsarbeid.

Videre skal vi sette ytterlig fokus på kvalitetssystemet i kommunens daglige ledelse.

Mal på rutiner og prosedyrer er etablert og implementert i kvalitetssystemet.

Status for avviksmodulen

Det har vært stort fokus på avviksmodulen i 2017. I løpet av året ble modulen innført i resultatområde aktivitet og omsorg, helse og forebygging, og kultur. Rådmannens stab, resultatområde teknisk og barnehage har vært i drift siden 2015-2016. Resultatområde skole er påbegynt høsten 2017. I løpet av våren 2018 forventes det dermed at hele organisasjonen rapporterer avvik i kvalitetssystemet.

Under implementeringen har det vært gjennomført opplæring i behandling av avvik for alle ledere og tiltaksansvarlige. I tillegg har prosjektansvarlige vært med i personalmøter og informert om avvik og melding av avvik. Når en nå går over fra prosjekt til drift av systemet er det viktig at en fremdeles holder fokus på oppfølging og repetisjon i organisasjonen. Det skal sikres at nye ledere og ansatte får god opplæring i avvikssystemet. Videre skal det settes fokus på hvordan rapporter på avvik hentes ut og brukes i kvalitetsarbeidet i HMS-gruppene.

Det ligger retningslinjer i kvalitetshåndboken for hvordan avviksrapportering skal følges opp i personalmøter, HMS-gruppen, i seksjonsledermøter, rapportering fra kvalitetsutvalget til rådmannsgruppen og videre til AMU og i tertialrapporteringen til kommunestyret.

Det vises for øvrig til vedlagte kvalitetshåndbok for mer informasjon om hvordan avvik skal håndteres og rapporteres i Tysvær kommune.

Status for risikomodulen

Ettersom det i 2017 var et høyt trykk på organisasjonen med tanke på implementering av nye systemer og moduler i eksisterende systemer, deriblant avviksmodulen, samt at det var nødvendig med kompetanseheving i hvordan utføre selve risikovurderingen, ble det bestemt at implementering av risikovurderingsmodulen måtte avvantes noe. Når avviksmodulen går over i drift, vil det frigjøre prosjekttressurser som kan benyttes i implementering av risikomodulen i organisasjonen.

Det er lovpålagt å risikovurdere arbeidsplassen. Risikovurderingen er arbeidsgivers ansvar. For å sikre kvaliteten på risikovurderingene som er gjort på hver enkelt arbeidsplass i hele organisasjonen, ble det gitt opplæring til alle HMS-gruppene på den årlege obligatoriske HMS-dagen i mai 2017.

Leverandør av opplæringen var kommunens eksterne bedriftshelsetjeneste; International SOS. I tillegg er det blitt satt opp en ekstra opplæringsdag/work shop, og HVO og HMS-rådgiver har vært til disposisjon for veiledning. Det er satt en frist for å gjennomføre og levere risikovurdering for alle 38 HMS-gruppene innen 1. februar d.å. Status for hvilke arbeidsplasser som har risikovurdert vil bli rapportert AMU 23. februar. Det at organisasjonen har fått økt kompetanse på risikovurdering, vil forenkle prosessen med å implementere risikomodulen.

Med hilsen

Arvid S. Vallestad (sign.)
rådmann

Kristin Helle (sign.)
personal – og organisasjonssjef

Vedlegg : Kvalitetshåndbok for TK

SAKSGANG		
Utvall	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	27.02.18	4/18
Kommunestyret	20.03.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM «KVALITET PÅ OPPLÆRINGA I SKULANE»

Vedlegg: Brev fra rådmannen, dagsett 01.02.18, sendt til sekretariatet 16.02.18

Saksorientering:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok samråystes i møtet 07.03.17, sak 13/17 følgjande:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane i Tysvær» og tar denne tilførebels orientering.*
Kommunestyret konstaterer at det blir arbeidd godt innan alle satsingsområda i skulen. Rapporten viser samtidig at det også er forbettingspotensiale innan resultatoppnåing og systematikk.
2. *Rapporten blir med dette oversendt til rådmannen for oppfølging i forhold til revisjonen sine tilrådingar, med formål om beste mogleg oppnåing av måla som er vedtatt i gjeldande Strategiplan for 2016-2020 og vedtekne mål i forhold til tilstandsrapporten.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan 1. desember 2017.*

Rapporten blei bestilt i september 2016 og lagt fram for kontrollutvalet i møtet 07.02.17, sak 6/17. Revisor kom med følgjande vurderingar (sekretariatet si framheving og ord):

- *Alle skulane gjennomfører ei form for skulebasert vurdering jamnleg.*
- *Basert på tilstandsrapport og intervjuar kan det sjå ut som siste års innsparingane ikkje har hatt negativ innverknad på kvaliteten i skulen.*
- *Skulane nyttar verktøy i henhald til interne krav frå skuleeigar.*
- *Skulane fortel at verktøya er nytige, og at dei utfyller kvarandre.*
- *Skulane arbeidar godt med alle dei tre satsingsområda med tilhøyrande resultatmål som er nedfelt i strategiplanen 2016-2020.*

Revisjonen tilrådde at kommunen får på plass eit høveleg system som sikrar at skulebasert vurderingar er forankra i mål, og som dokumenterer vurderingar, korleis desse er følgt opp, evt. tiltak og ein plan for oppfølging av tiltak.

Rådmannen meinte revisor var uklår når det gjaldt bruk av omgrepene «mål», og at oppdraget var svært omfattande i forhold til tida som hadde vore til rådvelde.

Revisjonen meinte at forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har eit lite forbettingspotsensiale, men dei avdekkja inga store manglar og område som det bør gjerast umiddelbart noko med. Rådmannen var også nøgd med at rapporten konkluderte med at skulane oppfyller lovkrava etter § 2-1.

Tilbakemelding

Rådmannen har i brev, dagsett 01.02.18, gjeve tilbakemelding på status for dei omtala punkta og korleis dei er følgt opp. Brevet følgjer saka som mangfoldiggjort vedlegg (vedlegg 1).

Det er i skrivet vist til overordna strategiplan, og det er lista opp tiltak som er gjennomført eller skal gjennomførast i 2018. Det gjeld:

- A. Skuleeigar organiserer og driv prosessar med skuleleiararne, som set dei i stand til å utvikle vidare læring i eigen skule,**
- B. utarbeiding av mal for oppfølging av kvalitetsarbeid,**
- C. utarbeiding av felles mal for kvalitetsutvikling på skulenivå med utgangspunkt i overordna strategiplan,**
- D. skuleleiinga legg til rette for deling av fagleg og didaktisk kompetanse i lærande nettverk på eigen skule og på tvers av skular,**
- E. Tysværskulen har eit system for spreiing av lærarane sin vurderingskunnskap og – kompetanse.**

Sekretariatet sine kommentarar


I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapportar. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Det skal også rapporterast til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følt opp på ein tilfredsstillande måte. Saka skal uansett til kommunestyret då utvalet skal avgje rapport til kommunestyret om korleis merknader til rapport er følt opp.

Dette synes ikkje vere aktuelt, då tilbakemelding visar at tilrådingane er følt opp og dei planar som var lagt i 2017 er gjennomført eller vil bli gjennomført i 2018.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

Tysvær kommunestyre tar oppfølging av KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane» frå 2017 og rådmannen sin tilbakemelding om gjennomførte og planlagte tiltak i strategiplanen til orientering.

Aksdal, 20.02.18


Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær



Saksbehandlar: Kirsten S. Rolland Tlf. 52758011

Arkiv:217/B00

Dykkar ref:

Haugaland Kontrollutvalssekretariat

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 16.02.18
Journalført: 18/70 /tha
Arkivkode: 216

TILBAKEMELDING FORVALTNINGSREVISJON «KVALITET I SKULEN»

Bakgrunn

Viser til vedtak i kommunestyret 07.03.2017, PS 13/17, Forvaltningsrevisjonsrapport - Kvalitet i opplæringa i skulane.

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane i Tysvær» og tar denne til førebels orientering. Kommunestyret konstaterer at det blir arbeidd godt innan alle satsingsområda i skulen. Rapporten viser samtidig at det også er forbettingspotensiale innan resultatoppnåing og systematikk.
2. Rapporten blir med dette oversendt til rådmannen for oppfølging i forhold til revisjonen sine tilrådingar, med formål om best mogleg oppnåing av måla som er vedtatt i gjeldande Strategiplan for 2016-2020 og vedtekne mål i forhold til tilstandsrapporten.
3. Rådmannen gjev tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan 1. desember 2017.

Oppfølging av revisjonen sine tilrådingar, jf. punkta 2 og 3

A. Skuleeigar organiserer og driv prosessar med skuleleiarane som set dei i stand til å utvikle vidare læring på eigen skule. (Jf. Strategiplanen)

- Tiltak: Kompetanse innan oppfølging av kvalitetsarbeid.
- Målgruppe: Rektorgruppa, hovudtillitsvalt og skuleeigar (skulesjef og rådgjevar skule).
- Når: 21-22.08.17, 20-21.11.17, 5.-6.03.18 og 16.17.04.18.
- Fagansvarlege: Dr Sara Bubb og professor Peter Early, University of London.

B. Utarbeiding av mål for oppfølging av kvalitetsarbeid

Malen kan brukast på alle nivå i utviklingsarbeidet

Arbeidsmåte/ Didaktisk tilnærming <i>Changes</i>	Nå-situasjon <i>Now</i>	Forventa endring hos elevane <i>Intended Impact</i>	Evaluering <i>Evaluation</i>

C. Utarbeiding av felles mal for kvalitetsutvikling på skulenivå med utgangspunkt i overordna strategiplan

Felles mal for utviklingsplan er knytt opp til strategiplanen, hovudområda og tilhøyrande område i Conexus Insights (Tidlegare PULS). Skuleigar fyller ut første del av planen medan skulane vel tema ut frå område der dei kan dokumentere forbettingspotensiale. Dette sikrar både systematikk og skulebasert tilpassing.

D. Skuleleiinga legg til rette for deling av fagleg og didaktisk kompetanse i lærande nettverk på eigen skule og på tvers av skular. (Jf. Strategiplan)

- Tiltak: Fagnettverk innan iPad, engelsk, matematikk og IKT.
- Målgruppe: Lærarar i Tysværskulen 2017-2018.
- Når: 20.09.17, 04.10.17, 08.11.17, 06.12.17, 24.01.18, 28.02.18, 21.03.18, 18.04.18 (13:00-16:00).
- Fagansvarlege:
 - iPad- lærarar frå pilotkulane Førland, Grinde og Tysværvåg
 - Engelsk- Britt Mona Vang, rådgjevar Karmøy kommune
 - Matematikk: Tilsette ved matematikksenteret
 - IKT: Lars Johannes Liknes, fagrettleiar IKT og Olav Rommetveit Staveland, rektor Frakkagjerd ungdomsskule.

E. Tysværskulen har eit system for spreying av lærarane sin vurderingskunnskap og - kompetanse. (Jf. Strategiplan)

- Tiltak 1:** Kompetanseheving innan VFL og bruk av «actionplan».
Målgruppe: Lærarar i Tysværskulen 2017-2018.
Når: To planleggingsdagar 2017-2018 (18.09.17 og 22.01.18).
Fagansvarlege: Dr. Sara Bubb, Britt Mona Vang, rådgjevar Karmøy kommune, og Tone Hatteland, rektor Førland.
Merknad: Opplæring i bruk av actionplan på elevnvå, klassenivå og skulenivå ut frå tema.
- Tiltak 2:** VFL-nettverk (Vurderingsnettverk).
Målgruppe: VFL-gruppe kommunenivå sett saman av 2-4 tilsette frå skulane.
Når: To gonger/halvår 13:00-15:30.
Fagansvarlege: Dr. Sara Bubb, Britt Mona Vang, rådgjevar Karmøy kommune, og Tone Hatteland, rektor Førland.
Merknad: Deling av praksisforteljingar frå skulane.

Med helsing

Eli Krokedal
skulesjef

Kirsten Synnøve Rolland
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.

C. Utarbeiding av felles mal for kvalitetsutvikling på skulenivå med utgangspunkt i overordna strategiplan

Felles mal for utviklingsplan er knytt opp til strategiplanen, hovudområda og tilhøyrande område i Conexus Insights (Tidlegare PULS). Skuleeigar fyller ut første del av planen medan skulane vel tema ut frå område der dei kan dokumentere forbetringspotensiale. Dette sikrar både systematikk og skulebasert tilpassing.

D. Skuleleiinga legg til rette for deling av fagleg og didaktisk kompetanse i lærande nettverk på eigen skule og på tvers av skular. (Jf. Strategiplan)

- Tiltak: Fagnettverk innan iPad, engelsk, matematikk og IKT.
- Målgruppe: Lærarar i Tysværskulen 2017-2018.
- Når: 20.09.17, 04.10.17, 08.11.17, 06.12.17, 24.01.18, 28.02.18, 21.03.18, 18.04.18 (13:00-16:00).
- Fagansvarlege:
 - iPad- lærarar frå pilotkulane Førland, Grinde og Tysværvåg
 - Engelsk- Britt Mona Vang, rådgjevar Karmøy kommune
 - Matematikk: Tilsette ved matematikksenteret
 - IKT: Lars Johannes Liknes, fagrettleiar IKT og Olav Rommetveit Staveland, rektor Frakkagjerd ungdomsskule.

E. Tysværskulen har eit system for spreiing av lærarane sin vurderingskunnskap og - kompetanse. (Jf. Strategiplan)

- Tiltak 1:** Kompetanseheving innan VFL og bruk av «actionplan».
- Målgruppe: Lærarar i Tysværskulen 2017-2018.
- Når: To planleggingsdagar 2017-2018 (18.09.17 og 22.01.18).
- Fagansvarlege: Dr. Sara Bubb, Britt Mona Vang, rådgjevar Karmøy kommune, og Tone Hatteland, rektor Førland.
- Merknad: Opplæring i bruk av actionplan på elevnivå, klassenivå og skulenivå ut frå tema.
- Tiltak 2:** VFL-nettverk (Vurderingsnettverk).
- Målgruppe: VFL-gruppe kommunenivå sett saman av 2-4 tilsette frå skulane.
- Når: To gonger/halvår 13:00-15:30.
- Fagansvarlege: Dr Sara Bubb, Britt Mona Vang, rådgjevar Karmøy kommune, og Tone Hatteland, rektor Førland.
- Merknad: Deling av praksisforteljingar frå skulane.

Med helsing

Eli Krokedal
skulesjef

Kirsten Synnøve Rolland
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.

SAKSGANG		
Utvæl	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	27.02.18	5/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «INVESTERINGAR – AVGJERDSGRUNNLAG OG STYRING»

Vedlegg: **KPMG:** Prosjektplan- «Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring»,
(fordeling av timal er ikkje off., Offl § 13/Forv. § 13)

Saksorientering:

I møtet 14.11.17, sak 28/17 bad kontrollutvalet revisjonen om å legge fram utkast til prosjektmandat på eit forvalningsprosjekt til neste møtet på nyåret. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 15.02.18 v/Lena Davik Fjørtoft:

Vedlagt er KPMG sitt forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon på tema Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring, i Tysvær kommune.

Bakgrunn

Temaet er tatt inn i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. Planen blei vedteken av kommunestyret imøtet 1.06.16, sak 40/16.

Føremål og problemstillingar

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen vil vere å sjå til at kommunen har tilstrekkeleg styring med investeringsprosjekt, retta mot avgjerdsgrunnlag for investeringsprosjekt og innleiande fasar av prosjekt. Ein skal undrsøkje både kommunen sin systemtilnærming/rutinar og kommunen sin praksis.

For å få vurdert konkret praksis, skal forvaltningsrevisjonen inkludere ei konkret vurdering av prosjektstyringa ved 1) Tysvær avlopsreinseanlegg og 2) eit nærmare utvald prosjekt. Formålet vil vere å dra læring frå konkrete erfaringar til framtidige prosjekt.

Gjennomgang av case-prosjekta vil vere avgrensa til kommunen si handtering av prosjektstyring (korleis ein har jobba). Revisjonen vil ikkje omfatte konkrete vurderingar og avgjelder gjort i prosjektet (kva ein har bestemt). Gjennomgangen vil vere avgrensa til å sjå på konseptfasen og planleggingsfasen av prosjektstyring. 1

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbettingsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekker avvik eller mogelege forbettingsområde.

På bakgrunn av føremålet er følgjande problemstillingar foreslått:

1. Kva har vore større investeringar (over 2 mill. kr.) i Tysvær kommune dei siste fem år og kva større investeringar er planlagd dei komande år?

2. I kva grad har kommunen tilfredsstillande rutinar og prosedyrar for styring av investeringsprosjekt i tidelege fasar? Herunder vil vi undersøkje:

a. Roller og ansvar.

Korleis er kommunen si styring av større investeringsprosjekt organisert?

b. Avklaring av behov og val av konsept.

Herunder, i kva grad har kommunen rutinar og prosedyrar for

i. å utarbeide klare mandat for konseptfasen?

ii. å utarbeide utgreiing av alternative konsept og grunngjeving for val om det konseptet som er best egna til å tilfredsstille eit definert behov?

iii. å skildre kva som skal til for at prosjektet blir ein suksess, og kva for usikkerheiter som er knytt til prosjektet?

iv. å utarbeide styringsdokumentasjon som prosjektforslag, prosjektgrunngjeving og faseplan for planleggingsfasen?

v. å vurdere om prosjektforslaget understøtter måla til kommunen og avgjere om planleggingsfasen kan starte?

c. Planlegging av overordna styring av prosjektet.

Herunder, i kva grad har kommunen rutinar og prosedyrar for:

i. å oppdatere prosjektgrunngjevinga?

ii. å utarbeida styringsdokument med oversikt over alle sentrale forhold i prosjektet (som overordna rammer, gjennomføringsstrategi og prosjektplan)?

iii. å utarbeide gevinstrealiseringssplan?

iv. å utarbeide faseplan for gjennomføring?

v. å avgjere om styringsdokumentasjonen frå planleggingsfasen gir tilstrekkeleg grunnlag til å avgjere oppstart av gjennomføringsfasen?

3. I kva grad har kommunen ei praktisk styring av investeringsprosjekt som er i samsvar med

a. eigne rutinar, prosedyrar og vedtak?

b. god praksis for prosjektstyring?

For å svare på denne problemstillinga vil revisjonen vurdere skriftleg dokumentasjon og anna informasjon om konkrete prosjektstyring i samband med investeringar i eit formålsbygg (hovudcase), samt sjå dette opp i mot erfaringane frå ei VA-investering.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på **220 timer**. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2018.

Av medtode er nemnt dokumentinnsamling og bruk av intervju.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG tidlegare bede om at det ikkje vert gjort offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke dette ut på side 5 med heimel i Off.love § 13/Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet.

KPMG skriv at oppstart vil vere i mars. I mars til mai vil de samle inn og analysere data. Rapportsskriving vil skje i i juni-august og høyring vil skje i august. Levering av endeleg rapport vil skje i forkant av kontrollutvalet sitt møte i 4. september. Rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret i oktober.

Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei framlagde problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisionsprosjektet "Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 220 timer.

Aksdal, 20.02.18

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekreterær



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 15.02.18
Journalført: 18/02/2018
Arkivkode: 214

Prosjekt- plan

**Investeringar –
avgjerdsgrunnlag og styring**

Forvaltningsrevisjon
Tysvær kommune

Februar 2018

www.kpmg.no

Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Forundersøking	3
2.1 Formål	7
2.2 Problemstillingar	7
2.3 Revisjonskriterium	8
3. Tilnærming	9
3.1 Metode	9
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	9
4. Utførande revisorar og honorar	10
4.1 Prosjektteam	10
4.2 Honorar	10

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Tysvær kommune vedtok i møtet 14.11.17 sak 28/17 å bestille ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon om "Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring" fra KPMG AS.

I plan for forvaltningsrevisjon er risiko knytt til temaet "Avgjerdsgrunnlag for investeringar" omtalt slik:

"Eit av dei største risikoområda identifisert i kommunen er risikoen for at det er eit **svakt avgjerdsgrunnlag for investeringar**. Konsekvensen er at det kan gjerast feil investeringsavgjersler. Generelle årsaker til at denne risikoen er tilstade kan vere at det er mangelfulle investeringsanalyser og avgjerdsprosessar i kommunen. Det kan også vere manglande kompetanse og kapasitet, eller uklaare rutinar og ansvarstilhøve, for å utarbeide grundige nok analyser som underlag for avgjersler.

På arbeidsmøte blei det mellom anna trekt fram at manglande erfaring kan vere ein årsak til risikoen. Muleg manglande openheit og ikkje nok samhandling mellom administrasjon og politikarar blei også drøfta.

Grunnlagsarbeidet bak avgjelder om investeringar er ein vesentleg del av prosessen i ei verksemd si styring av investeringsprosjekt. Dette tema kan til dømes undersøkast som eit eige spissa tema i ein forvaltningsrevisjon, eller eventuelt undersøkast saman med temaet prosjektstyring i sin heilskap."

I plan for forvaltningsrevisjon er risiko knytt til temaet "Styring av investeringsprosjekt" omtala slik:

"Risiko for at prosjekt ikkje leverer i høve til avtala tid, kostnad og kvalitet blei identifisert å vere blant dei største risikoområda. Generelle årsakar til at slik risiko kan oppstå er at store og komplekse prosjekt er krevjande å styre, at kommunen ikkje har tilstrekkelig kapasitet og kompetanse til å styre prosjekt, eller at kommunen ikkje har gode nok styringsverktøy. Mangefull kontroll med leveransar frå leverandørane til kommunen kan vere ein annan årsak til risiko. Kostnadssprekk kan føre til økte gebyr og relativt store økonomiske tap for kommunen. Forseinkingar kan føre til at inntektsstraumen frå investeringa forsinkast. Dette samt kvalitetsutfordringar kan og gi negative følgjer for øvrig verksemd.

På arbeidsmøtet i kommunen uttrykte administrasjonen at det kunne vere ønskeleg med eit eksternt blikk på pågående arbeid med investeringsprosjekter i kommunen. Prosjektstyring er utfordrande, og det gjeld frå bestilling til prosjekt er avslutta. Det blir mellom anna vurdert å vere stor risiko knytt til VA-utbygging, grunna at det gjerast ei stor økonomisk investering her."

I møtet 14.11.17 var det vidare innspel frå kontrollutvalet. Innspela har alle blitt vurdert av KPMG som del av forarbeidet til prosjektplan.

1.2 Forundersøking

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere formål og problemstillingar i forvaltningsrevisjonen. Vi har

- ✓ gjennomgått og drøfta innspel frå kontrollutvalet
- ✓ gjennomgått rådmannen sitt forslag til budsjett 2018 og økonomiplan 2019 -2021, og presentasjon av budsjett 2018, økonomiplan 2018- 2021, kommunestyret 30.10.17.
- ✓ gjennomgått tidlegare forvaltningsrevisjonar som KPMG har gjennomført innanfor tema styring av investeringsprosjekt i andre kommunar.

- ✓ hatt samtale med rådmann. Vi har og hatt flere forsøk på dialog med teknisk sjef utan å lukkast, i hovudsak for å få meir informasjon om gjennomførte prosjekt, og for å få tilsendt kommunen sitt reglement for utvikling av kommunale byggeprosjekt.

Vi presiserer at følgande oversikt er førebels informasjon, dvs. vår forståing og oppsummering av informasjonen som vi har fått, som på dette stadiet ikkje har vore til verifisering i kommunen.

1.2.1 Kort om styring av investeringsprosjekt i Tysvær kommune

Tysvær kommune har ein modell/eit reglement for utvikling av kommunale byggeprosjekt som legg føringar for korleis kommunen skal styre kommunale byggeprosjekt. Kommunen tar utgangspunkt i fem fasar i utvikling av investeringsprosjekta, kor målet mellom anna er å samla handtere både bygningsmessige omsyn og omsyn til organisasjonsutvikling. Grovt sett er fasane:

1. Behovs- og dimensjoneringsanalyser
2. Programmering – deriblant utarbeiding av romskisser og funksjonalitet
3. Prosjektering
4. Byggefase
5. Overlevering og driftssetting

Val av enterpriseform skjer i overgangen mellom fase 2 og 3, og legg og ei rekke føringar for den vidare prosessen. Det blei speilt inn som interessant å sjå nærmere på korleis val av enterpriseform fungerer.

I kommunen sin modell vert det skilt mellom to hovudroller: Prosjekteigar og prosjektleiinga. Prosjekteigar er tenkt å vere ei gjennomgåande rolle i prosjektet, heilt frå tidlegaste fase av eit prosjekt. Prosjekteigarrulla skal handterast av to rådmann, representert ved vedkommande fagsjef som er brukar av bygget (til dømes skulesjef), saman med plansjef. Prosjektleiinga er typisk lagt til resultatområdet teknisk, som har ansvaret for å organisere prosjekt frå prosjektering og til overlevering. Rådmannen opplyser at kommunen planlegg å i nær framtid opprette eit eige prosjektkontor som vil ha einaste ansvar å drifte prosjekt. Dette for å tydeleggjere fokus på investeringsprosjekta framover. Frå politisk side er teknisk utval og formannskapet dei sentrale organ i prosjektprosessen.

1.2.2 Kort om investeringar i Tysvær kommune

Det er planlagd betydelige investeringar i Tysvær kommune i åra som kjem. Rådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett gir eit samla investeringsvolum for 2018-2021 på 630 mill. kr.

Det er ein auke på 90 mill. kr i framlegget for 2018, i forhold til vedtatt økonomiplan. Av dette skriv 40 mill. kr. seg frå rundkøyring Aksdal og 30 mill. kr. frå auka investeringsnivå VA.

1.2.2.1 VA-investeringar

Når det gjeld VA-investeringar spesielt, planlegg kommunen samla VA-investeringar på 74,8 mill. kr. i 2018, og 59,6 mill. kr i 2019. Det er satt opp i alt 22 poster på investeringsbudsjettet på VA-området i 2018. Det skal i løpet av første halvår 2018 imidlertid leggjast fram ein politisk sak for statusrapport og vurdering av endring for investeringar i vatn og avløp. Det er peikt på at investeringane må vere tilpassa folketalsutvikling og utvikling i talet på abonnentar.

Ei større, gjennomført VA-investering er Tysvær avløpsreinseanlegg, som stod ferdig i 2017. Samla investeringsutgift ligg an til å bli på 41,5 mill. kroner, etter tilleggsløye på 11,5 mill. kr. i 2018.

1.2.2.2 Andre investeringar

Når det gjeld andre investeringar står mellom anna følgande oppført i budsjett og økonomiplanen:

- ✓ Albatross-bygget kjøp/leige 2. etasje er interessant og blir vurdert vidare – kjøp ca. 45 mill. kr
- ✓ Nytt badeanlegg knytning mot Albatross blir utreda vidare. Kostnad 58 mill. kroner for full utbygging; investeringa kommunen må bere med eigne midlar er 25 mill. kr.
- ✓ Parkeringshus blir utreda aust for kyrkja, kostnad 35 - 45 mill. avhengig av løsning.

- ✓ Ombygging servicetorg/fellesekretariat 14 mill. samla. Tillegg 6 mill. kr.
- ✓ Førre skule: Alternativer for utbygging vist fram; frå 10 mill. kr. Som minimumsløysing til ny skule 140 mill. kr. Minimumsløysing er tilrådd (ventilasjon og lett oppussing).
- ✓ Dag- og aktivitet Hamrane vurdert som best med nybygg – er ført opp 18 – 20 med 44 mill. kr.
- ✓ Stølsberg/Stegaberg butiltak –sluttløyving 52 mill. kroner; samla 92 mill. kr.
- ✓ Aksdalskrysset forskottert med 55 mill. kroner; berekna tilbakebetaling 2021.
- ✓ Frakkagjerdvegen 15 mill. kr i 2019 frå inv. og utv. fond. I tillegg ligg tomtekjøp på 30 mill. kroner på Skeiseid forskottert.
- ✓ Felles driftsbygg Aksdal Næringspark; samla 35 mill. kroner byggjetrinn 1.
- ✓ Førre kyrkjegard må utvidast i 2021 og 2022 med anslagsvis 10 mill. kr.

Som det går fram av den førebelse oversikten overfor, er det planlagd mange større investeringar framover. Dette gjer det svært viktig for kommunen å vere sikra at ein har på plass ein god styring av investeringsprosjekt, derunder at ein sikrar at ein gjer dei rette investeringane.

1.2.3 Vurdering av kontrollutvalet sine innspele

I møtet 14.11.17 var det innspele frå eit kontrollutvalsmedlem om at ein forvaltningsrevisjon på tema avgjerdsgrunnlag for investeringar bør inkludere ein gjennomgang av Tysvær kommune sine reguléringsplanar, kvalitetssjekk av utarbeida planar, og vurdering av om planar som er utarbeida og er under utarbeiding speglar lokale og regionale behov for framtida. Eit hovudspørsmål var: Er planarbeidet i henhold til vedtatt kommuneplan og strategi? Derunder var det også fleire spesifiserte spørsmål, retta mot til dømes

- ✓ kvaliteten på prognosar for befolkningsvekst
- ✓ kva for planlagde utbyggingar av bustadar som vil trenge ekstra kostnadars for gjennomføring, og
- ✓ korleis planlagde investeringar for å legge til rette for nytt sentrum i Aksdal passar inn i regionale behov.

Etter KPMG si forståing handlar dette om å sjå nærmare på korleis kommunen riggar seg for framtida med sine val av utbyggingar. Kommuneplanen med arealdel er eit sentralt dokument/arbeid i så måte. Vi vurderer at ein forvaltningsrevisjon retta mot desse tema vil vere ein revisjon av kommuneplanprosessen, kor kopling til styring av investeringsprosjekt ikkje er gitt. Kommuneplanen er eit politisk dokument som beskriv korleis politisk nivå ønsker å prioritere ressursar og areal. Ein forvaltningsrevisjon har mogleik til å ettersjå kva slags analyser som ligg til grunn for kommuneplanen, men vi vil likevel ikkje råde til ei slik vinkling, då ein her etter vår vurdering vil ligge i ein hårfin balanse med revisjonsmandatet. Vi rår til at kontrollutvalet heller inviterer administrasjonen til å svare på desse spørsmåla. Basert på administrasjonen si utgreiing kan kontrollutvalet vurdere behov for eventuell vidare undersøking i etterkant.

1.2.4 Forslag til tilnærming i forvaltningsrevisjonen

Basert på vår forståing av bestillinga samt forundersøkinga, foreslår vi ein forvaltningsrevisjon av kommunen si prosjektstyring av større investeringsprosjekt. Vi rår til at forvaltningsrevisjonen spissar seg inn mot å sjå på kommunen sitt arbeid med avgjerslegrunnlag for investeringar. Dette er ein vesentleg del av ei verksemd si styring av investeringsprosjekt, kor det vert lagt føringer for resten av prosjektgongen. Med vektlegging av avgjerdsgrunnlag for investeringar bør forvaltningsrevisjonen sjå på styring i dei tidlege fasar av investeringsprosjekt: Konseptfasen og planleggingsfasen.

Eit prosjektforlaup kan delast inn i følgande fasar: Konsept, planlegge, gjennomføre, avslutte og realisere.



Figur. Felles prosjektmodell for offentlig sektor, kjelde: Prosjektveiviseren.no

Ved fokus på innleiane fasar ved prosjektstyring vil det vere naturleg å kome innom spørsmål som rører ved nokre av innspela gitt i kontrollutvalsmøte: Tek avgjerdsgrunnlaget høgde for mellom anna befolkningsvekst og politiske føringar ved utarbeiding av dimensjonering av utbygginga (vei, kloakk, sjukeheimar etc.)? Dette er døme på spørsmål som er svært aktuelle når ein ser på kommunen sitt arbeid med å utgreie og velje konsept, før avgjerd. Om befolkningsprognosane som er lagt til grunn i seg sjølv er gode nok, vil vel og merke ikkje undersøkast etter vårt forslag til tilnærming.

Vidare foreslår vi at forvaltningsrevisjonen både undersøkjer

- ✓ kor vidt kommunen har etablert eit system og rutinar som sikrar god styring av investeringsprosjekt, og
- ✓ konkret prosjektstyring i praksis i to utvalde investeringsprosjekt.

Når det gjeld konkret prosjektstyring, ønskjer vi å ha ein nærmare dialog med administrasjonen og kontrollutvalet for hensiktsmessig val av case-prosjekt. I utgangspunktet rår vi vil å sjå på investeringar relatert til eit formålsbygg som hovudcase, i tillegg til å samanlikne dette med erfaringar frå ei VA-investering. I gjennomgangen av prosjekta vil forvaltningsrevisjonen fokusere på det prosessuelle, her om kommunen gjennomfører heilt sentrale tilrådde aktivitetar i dei ulike fasane. Gjennomgangen av konkrete investeringsprosjekt vil, i likskap med den generelle gjennomgangen av rutinar og prosedyrar, vere avgrensa til dei tidlege fasane av prosjekta og prosessane fram mot sentrale avgjersler, før gjennomføringsfasen. Det vil i tillegg vere naturleg å oppsummere resultat og avvik knytt til tid, økonomi og kvalitet for det avslutta prosjektet/status hittil i prosjektet, og sjå dette i samanheng med eventuelle manglar i tidlege fasar, der det går fram som aktuelt.

Aktuelle caseprosjekt kan mellom anna vere:

- Stølsberg/Stegaberg butiltak, to parallelle nybygg for bustadar for funksjonshemma, med samla investering på om lag 90 mill. kr.
- Ombyggingsprosjekt Tysvær barne og ungdomsskule, kor ein la om frå innleiane planar om eit nybygg til alternativet om ei ombygging som innebar betydeleg lågare kostnadar.
- Tysvær avløpsreinseanlegg, kor samla investering er anslått til om lag 40 mill. kr

Gjennomgang av både kommunen sine rutinar, og erfaringar frå gjennomførte investeringsprosjekt, sett lys på både "teori" og praksis, og gjer det mogleg for kommunen å betre sine rutinar for styring av investeringsprosjekt dersom det er manglar ved denne, og lære av gjennomførte investeringsprosjekt.

2. Formål og problemstillingar

2.1 Formål

Formålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å sjå til at kommunen har tilstrekkeleg styring med investeringsprosjekt, retta mot avgjerdsgrunnlag for investeringsprosjekt og innleiande fasar av prosjekt. Ein skal undersøke både kommunen sin systemtilnærming/rutinar og kommunen sin praksis.

For å få vurdert konkret praksis, skal forvaltningsrevisjonen inkludere ei konkret vurdering av prosjektstyringa ved 1) Tysvær avløpsreinseanlegg og 2) eit nærmare utvald prosjekt. Formålet vil vere å dra lærings frå konkrete erfaringar til framtidige prosjekt.

Gjennomgang av case-prosjekta vil vere avgrensa til kommunen si handtering av prosjektstyring (korleis ein har jobba). Revisjonen vil ikkje omfatte konkrete vurderingar og avgjelder gjort i prosjektet (kva ein har bestemt). Gjennomgangen vil vere avgrensa til å sjå på konseptfasen og planleggingsfasen av prosjektstyring.¹

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbettingsorientert, og vil ha som formål å gje tilrådingar om tiltak dersom det avdekkast avvik eller mulige forbettingsområder.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av formålet blir følgjande problemstillingar foreslått:

1. Kva har vore større investeringar (over 2 mill. kr.) i Tysvær kommune dei siste fem år og kva større investeringar er planlagd dei komande år?
2. I kva grad har kommunen tilfredsstillande rutinar og prosedyrar for styring av investeringsprosjekt i tidlege fasar? Herunder vil vi undersøke:
 - a. Roller og ansvar.
Korleis er kommunen si styring av større investeringsprosjekt organisert?
 - b. Avklaring av behov og val av konsept.
Herunder, i kva grad har kommunen rutinar og prosedyrar for
 - i. å utarbeide klare mandat for konseptfasen?
 - ii. å utarbeide utgreiing av alternative konsept og grunngjeving for val om det konseptet som er best egna til å tilfredsstille eit definert behov?
 - iii. å skildre kva som skal til for at prosjektet blir ein suksess, og kva for usikkerheter som er knytt til prosjektet?
 - iv. å utarbeide styringsdokumentasjon som prosjektforslag, prosjektgrunngjeving og faseplan for planleggingsfasen?
 - v. å vurdere om prosjektforslaget understøtter måla til kommunen og avgjere om planleggingsfasen kan starte?
 - c. Planlegging av overordna styring av prosjektet.
Herunder, i kva grad har kommunen rutinar og prosedyrar for:
 - i. å oppdatere prosjektgrunngjevinga?
 - ii. å utarbeida styringsdokument med oversikt over alle sentrale forhold i prosjektet (som overordna rammer, gjennomføringsstrategi og prosjektplan)?
 - iii. å utarbeide gevinstrealiseringssplan?

¹Kjelde: Felles prosjektmodell for offentlig sektor, Prosjektveiviseren.no

- iv. å utarbeide faseplan for gjennomføring?
- v. å avgjere om styringsdokumentasjonen fra planleggingsfasen gir tilstrekkeleg grunnlag til å avgjøre oppstart av gjennomføringsfasen?

For å svare på denne problemstillinga vil revisjonen vurdere tilgjengeleg skriftleg dokumentasjon og anna informasjon som dokumenterer kommunen si generelle tilnærming til prosjektstyring. Det vil vere viktig å sjå på aspekt som typisk inngår i ein konseptfase og ein planleggingsfase i ein prosjektgang og dette vil bli vurdert opp i mot god praksis for prosjektstyring.

3. I kva grad har kommunen ei praktisk styring av investeringsprosjekt som er i samsvar med
 - a. eigne rutinar, prosedyrar og vedtak?
 - b. god praksis for prosjektstyring?

For å svare på denne problemstillinga vil revisjonen vurdere skriftleg dokumentasjon og anna informasjon om konkrete prosjektstyring i samband med investeringar i eit formålsbygg (hovudcase), samt sjå dette opp i mot erfaringane frå ei VA-investering.

2.3 Revisjonskriterium

Til problemstillinga vert det stilt opp revisjonskriterium. Revisjonskriterium er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen vert målt mot. Revisjonskriteria må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

Ved val av revisjonskriterium blir det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

- ✓ Kommunelovens §23 om betryggande kontroll
- ✓ Politiske vedtak og føringar
- ✓ Kommunen sine eigne prosjektstyringsverktøy (reglement, rettleiarar, prosedyrar og liknande)
- ✓ God praksis for prosjektstyring, med utgangspunkt i "Felles prosjektmødell for offentlig sektor", Prosjektveiviseren.no, og Prince2 .

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil det gjennomførast dokumentanalyse og intervju. I første omgang vil relevante dokument hentas inn direkte frå kommunen. Vi vil i hovudsak hente inn og gjennomgå dokumentasjon som kan gi informasjon om Tysvær kommune si prosjektstyring frå tidleg fase og fram til gjennomføringsfasen, generelt og spesifikt for dei utvalde caseprosjekta. Dokumentanalysen vil supplerast med intervju.

Vi vil gjennomføre intervju med administrativ leiing og nøkkelpersonell, eksempelvis rådmann, aktuell fagsjef, teknisk sjef og prosjektleiarar, i tillegg til eventuelle andre personar som har tilknyting til området og dei aktuelle caseprosjekta. Formålet med intervjuja er å få utfyllande informasjon og forklaringar til dokumentasjonen vi mottar. Ved gjennomføring av intervjuja utarbeidar vi intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigering). Svara frå respondentar analyserast og stillast deretter saman med anna dokumentasjon.

Informasjonen som hentast inn vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria for å svare på revisjonen sine problemstillingar.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktivitetar	Ansvar	Tidspunkt	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	Sep																					
			6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	31	32	33	34	35	36	37
1 Forberede																															
1.1 Forundersøkelse	KPMG																														
1.2 Etablere prosjektplan	KPMG																														
1.3 Godkjennin prosjektplan KU	KPMG																														
2 Starte opp																															
2.1 Sende oppstartsbrief	KPMG																														
2.2 Oppstartsmøte	KPMG																														
2.3 Dokumentliste	KPMG																														
2.4 Intervjuplan	KPMG																														
3 Gjennomføre																															
3.1 Dokumentanalyse	KPMG																														
3.2 Intervjuide	KPMG																														
3.3 Intervjuer	KPMG																														
3.4 Analyse	KPMG																														
3.5 Kvalitetssikring	KPMG																														
3.6 Rapportutkast	KPMG																														
4 Rapport																															
4.1 Ferdigstille rapportutkast	KPMG																														
4.2 Høring rapportutkast (1-2 u.)	KPMG																														
4.3 Oversending av rapport	KPMG																														
4.4 Presentasjon KU	KPMG																														

Aktivitets- og framdriftsplanen viser at arbeidet med forvaltningsrevisjonen kan starte opp i mars, etter at prosjektplanen er vedtatt i kontrollutvalet. I mars-mai vil vi samle inn og analysere data. Rapportskriving vil skje i juni-aug og høring av rapporten vil skje i august. Vi vil levere endelig rapport til kontrollutvalet sitt sekretariat i august, og presentere rapporten i kontrollutvalsmøtet 4. september.

4. Utførande revisorar og honorar

4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Oppdragsansvarleg: Ole Willy Fundingsrud

Prosjektleiar: Lena Davik Fjørtoft

Prosjektmedarbeidar:

- ✓ Bjørg Rabbe Sandven
- ✓ Kaia Grahm-Haga

4.2 Honorar

Ut frå gjeldande avtale.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	27.02.18	6/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

DELTAKING I SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

Vedlegg: KPMG sin prosjektplan (IM)

Bakgrunn

Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vedtok i møtet 20.09.17, sak 38/17 at dei vill ha lagt fram ei sak om tinging av selskapskontroll i Karmsund Havn IKS, og at eigarkommunane delte kostnadane for fellesprosjektet. Prosjektet er gjeve fyrsteprioritet i plan for selskapskontroll i alle dei fem kommunestyra på Haugalandet.

I overordna analyse blei Karmsund Havn IKS vurdert å ha høgast risiko av selskap Karmøy kommune eigar. Det blei peika på at det er knytte store verdiar til selskapet, og at selskapet har høge låneskyldnader. I tillegg ligg det føre potensiell negativ miljøpåvirkning som kan føre til brudd på forureiningslova.

Om selskapet

Eigarskapen er delt mellom følgjande seks kommunar:

Karmøy kommune	(38,46 %) – revisoravtale m/KPMG
Haugesund kommune	(38,46 %) – revisoravtale m/KPMG
Tysvær kommune	(7,69 %) - revisoravtale m/KPMG
Bømlo kommune	(7,69 %) – revisoravtale m/Deloitte
Sveio kommune	(3,85 %) – revisoravtale m/Deloitte
Bokn kommune	(3,85 %) – revisoravtale m/Deloitte

Som eit interkommunalt selskap har Karmsund Havn eit representantskap, kalla hamnerådet, som har seks medlemmer med varamedlemmer oppnemnt av kvar av dei seks eigarkommunane. Selskapets styre, kalt hamnestyret, har fem medlemmer og tre varamedlemmer.

Karmsund Havn IKS har pr i dag to datterselskap: Garpestjær Eiendom AS (50 %) og Garpestjær Eiendom IS (50 %).

Selskapet har 21 medarbeidarar, der to er vikarar i Karmsund Havnevakt. Selskapet er delt i tre avdelingar: Økonomi- og administrasjonsavdeling, Maritim avdeling og Teknisk avdeling. I tillegg er det to stillingar i hamnedirektørens stab.

Kjerneverksemden definerast som drift av hamneområdet, og har ein klår synergi med kommunane si verksemd og politiske mål, som bidrar til å gjere regionen til ein attraktivt stad for næringsliv, busetting og turisme.

I løpet av få år har Karmsund Havn IKS gjennomgått ei betydeleg endring. Selskapet er blitt ein større og meir synleg tilrettelegger av sjøbasert infrastruktur, i kombinasjon med forvaltning og kontroll av sjøtrafikken i eige hamneområde. Styrets mål er at selskapet tilbyr eit konkuransedyktig alternativ til transportnæringa og arbeider aktivt for å styrke tilbod og service innan kjerneområda: nasjonal og internasjonal gods-, container- og ro-ro-trafikk, offshore og fiskeri.

Eierkommunene har utarbeida ein eigarstrategi for Karmsund Havn hausten 2016, og held eigarmøter kvart halvår, seinast 23.11.17 med omvisning på Husøy.

Prosjektmandatet

Sekretariatet bad i brev av 10.10.17 om tilbod på prosjektplan frå både KPMG og Deloitte. Etter revisjonsavtalen/konkurransegrunnlaget er det tatt inn at utvala har rett til å kjøpe inn forvaltningsrevisjon og selskapskontroll frå andre enn leverandøren.

Innan fristen hadde båe KPMG og Deloitte levert sine tilbod/ framlegg til prosjektplan. Det var i forkant ikkje sett kriterier for val av tilbod, men i brevet blei tatt inn at det var ønska framlegg til prosjektmandat, slik at utvalet kunne ta stilling til om kva selskap som har **den beste tilnærminga** til oppdraget.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg vedtok i møtet 29.11.17, sak 49/17 følgjande:

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg bestiller selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med øvrige eierkommuner og tråd med det utkastet til prosjektplan som foreligger fra KPMG AS for alternativ 1 (obligatorisk eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon som vurderer drift og styring).

Rammen settes til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eierkommunene blir etter eierandel og fasthonorar eks. mva. i henhold til tilbud 17.11.17.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg inviterer kontrollutvalget i Haugesund, Tysvær, Bømlo, Sveio og Bokn til å delta i felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i tråd med det utkast til prosjektplan som er valgt.

Bestillingen blir bare iverksatt under forutsetning av at Haugesund kontrollutvalg slutter seg til fellesprosjektet.

Tilbuddet fra KPMG AS

KPMG har gjort framlegg om at formålet med selskapskontrollen er å undersøke «*i hvilken grad kommunens eierinteresse i selskapet Karmsund Havn blir ivaretatt, og om selskapet har etablert system og rutiner for å sikre at selskapet har en forsvarlig drift og etterlever sentrale regelverk.*»

Karmsund Havn har betydeleg bredde i sin havneportefølje og ein rekke verksemderområde som omfattar ulike oppgåver.

Med bakgrunn i Karmsund Havns komplekse verksemde foreslår KPMG at selskapskontrollen vert gjennomført som ein utvida selskapskontroll som består av ein obligatorisk eigarskapskontroll, samt forvaltningsrevisjon som vurderer drift og styring av Karmsund Havn. Ved ein slik tilnærming vil kontrollutvala då gjennomføre obligatorisk eigarskapskontroll i samsvar med kommunelova, og gjennomføre kontroll av at selskapet har ein forsvarleg drift.

Alt. 1: Obligatorisk eierskapskontroll samt forvaltningsrevisjon

Obligatorisk eierskapskontroll

- 1. I hvilken grad følger kommunen(e) opp sine eierinteresser i Karmsund Havn IKS, i samsvar med*
 - a. eierkommunenes eierstrategi for selskapet?*
 - b. krav og normer til godt eierskap?*

- 2. Hva er årsaker til eventuell manglende etterlevelse hos kommunen(e)?*

Frivillig forvaltningsrevisjon

- 3. I hvilken grad har Karmsund Havn IKS etablert system og rutiner som bidrar til å sikre en økonomisk forsvarlig drift av selskapet?*
 - a. Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjetter?*
 - b. Gjennomfører selskapet risikovurderinger i forbindelse med større investeringer?*
 - c. Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjett i større prosjekter?*
 - d. Har selskapene hatt en økonomisk utvikling i samsvar med uttrykte forventninger fra eierne?*
- 4. I hvilken grad har selskapet etablert et system og rutiner for å bidra til å sikre at selskapet etterlever alle lover og regelverk som gjelder for selskapet?*
- 5. I hvilken grad har selskapet etablert retningslinjer/rutiner for å anskaffelser og kontraktsoppfølging?*
- 6. I hvilken grad har selskapet etablert en prosjekthåndbok eller tilsvarende som regulerer selskapets styring av investeringsprosjekter?*
- 7. I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å ivareta systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i samsvar med krav i internkontrollforskriften?*
- 8. I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å sikre miljøvern?*
- 9. I hvilken grad har selskapet gjennomført ROS-analyse og utarbeidet beredskapsplan i samsvar med beredskapsforskriften?*

For dette arbeidet har KPMG estimert at dei vil bruke **180 timer** på oppdraget, fordelt på hovedaktivitetane: førebuinger, oppstart, gjennomføring og rapportering. I estimert fremdriftsplan og timetal vil det bli tatt omsyn til at fleire kommunar vil delta.

Prosjektet er tenkt å starte opp i januar 2018. Med tilgang på data og personell i januar, vil datainnsamling – og analyse bli gjennomført i løpet av våren 2018.

I prosjektplanens kapittel 3 har KPMG presentert sin metodikk, framdriftsplanar, honorar og prosjektteamet med deira CV-er, med utdanning, arbeidserfaring og tidlegare prosjekterfaring.

Pris for oppdraget er unntatt offentlighet med henvisning til offentleglova § 23.3, der det er unnatak for innsyn for tilbod etter regelverket om offentlige innkjøp, fram til val av leverandør er gjort (utsatt innsynsrett).

Budsjett

Budsjettet ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er ca. 250 timer pr år ut i frå det kommunestyret truleg for budsjett for 2018 og etter prisjustering i henhold til avtale.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutval sitt vedtak forutsette at også Haugesund kommune (med same eigardel som Karmøy) stilte seg bak prosjektet. Samla utgjer dei nesten 77 % av eigardelane. Dersom alle eigarane er med i prosjektet vil Tysvær sin del utgjere **7,69 %** av totale kostnader og det vil seie ein del på **14 timer**. Dette utgjer liten del av det som er sett av i budsjett 2018.

Oppstart var tenkt nyåret med overlevering av rapport i juni, men er no skjøve ut i tid. Rapport vil truleg bli lagt fram for kontrollutvala til handsaming til fyrste i møte i august/september, og med handsaming i kommunestyret hausten 2018.

Kontrollutvalet vil i denne saka få innsikt i dei foreslårte problemstillingane som ein ønskjer å oppnå med prosjektet. Ein forutsetnad for gjennomføring av prosjektet bør som nevnt vere at dei andre eigarkommunane også fatter vedtak om å delta.

Bokn kontrollutval blei i møtet 18.10.17, sak 15/17 varsla om at Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg har tatt initiativ til ein samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS. Utvalet var samd i at ein kommende sak til utvalet kan bli gjort med skriftlig sakshandsaming. Utvalget skal ha sitt neste møte den 28.02.18 og prosjektplanen vil bli presentert då.

Sveio kontrollutval vedtok i møtet 07.11.17, sak 16/17 samrøystes følgjande:

Sveio kontrollutval er positiv til ein invitasjon til felles selskapskontroll om Karmsund Havn IKS. Sveio kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne den prosjektplan som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Sekretariatet valte å leggje saka fram for heile utvalet til møtet 30.01.18 og utvalet vedtok samrøystes i sak 3/18 følgjande:

Sveio kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigarandel.

Haugesund kontrollutvalg blei i møtet 28.11.17, under referatsak 34/17, pkt 47 orientert om invitasjon, men valte å ha eige sak i neste møte kor prosjektmandat fra KPMG var vedlagt.

Haugesund kontrollutval vedtok i møtet 30.01.18, sak 4/18 følgjande:

Haugesund kontrollutvalg deltar i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med øvrige eierkommuner og tråd med det utkastet til prosjektplan som foreligger fra KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eierkommunene blir etter eierandel.

Invitasjon til Bømlo kontrollutval er oversendt til deira sekretariat (Hordaland fylkeskommune) i desember, og utvalet fekk lagt fram saka i møtet den 15.02.18 og dei vedtok samrøystes å slutte seg til innstillinga om å delta.

Tysvær kontrollutval vedtok samrøystes i møtet 14.11.17, sak 28/17 følgjande:

Tysvær kontrollutval er positiv til ein invitasjon til å delta i felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med utkast til prosjektmandat som vil bli lagt fram.

Tysvær kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne utkast til prosjektmandat som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Sekretariatets vurdering

Sist gang Karmøy inviterte til felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon var i Haugaland Kraft AS i 2014. Alle sju kommunan var med og delte kostnadene. Av andre selskap som det tidlegare har vore gjennomført selskapskontroll i er Interkommunalt Arkiv (IKA) Rogaland IKS og Haugaland Interkommunalt Miljøverk (HIM) IKS.


Sekretariatet finner det naturleg at alle eigarkommunane deltar, og at utvalet slutter seg til utkast til prosjektplan som følgjer saka.

SEKRETARIATETS FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med øvrige eigarkommunar og tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigarandel.

Aksdal, 20.02.18


Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	27.02.18	7/18
Kommunestyret	20.03.18	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

ÅRSMELDING FOR 2017 FRÅ KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Utkast til årsmelding 2017 – Tysvær kontrollutval

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal "**kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget**".

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemد i 2017 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2017 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker som har vore handsama og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2017, evt med følgende tillegg/ endringar:

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2017 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 20.02.18

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

VEDLEGG

SAK 7/18

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING 2017



Tysvær rådhus 12.12.17

**KONTROLLUTVALET
TYSVÆR KOMMUNE**

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemد og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2017.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (reknesaksrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval.

For perioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 fem medlemmer, med Øystein Susort (Krf) som leiar. Han blei i juni 2016 gjeve permisjon. Utvalet består no av følgjande:

Faste medlemmer

Leiar **Arne Gjerde (H)** (tidl. nestleiar)
Nestleiar **Øyvind Hellerslien (Frp)** (ny)
Medlem **Linda Ånderå Bokn (V)**
Medlem **Åse Paulsen (Ap)**
Medlem **Karsten A. Larsen (Frp)**

Varamedlemmer:

1. Marit Hølland Gjedrem (Sp)
2. Sigdrid Skeiseid (Frp)
3. Katrine Bakkevig (H)
4. Harry Vessel Eike (A)
5. Asbjørn Espeset (KrF)

Ø. Hellerslien er utvalet sin kommunestyrerrepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har i 2017 møtt to gonger. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla. Han har i fjar møtt ein gong sjølv. I tillegg har økonomisjef møtt tre gonger, teknisk sjef to gonger, skulesjef, omsorgssjef, helse- og førebyggingssjef, seksjonssjef teknisk og leiar politisk sekretariat ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2017

Kontrollutvalet har i 2017 hatt 4 (4) møte fordelt på to om våren og to på hausten. Utvalet held møta i rådhuset. Kontrollutvalet skal ha opne møte, men dei kan lukke når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2017 hatt 29 (27) saker til handsaming der 5 (6) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 45 (51) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i februar deltok Åse Paulsen. På konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni deltok Arne Gjerde. På dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 30. november deltok Gjerde og Paulsen.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 30.05.17 kommunen sin årsrekneskap for 2016 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2016 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 51 mill., som utgjer 9,2 % av driftsinntektene. Etter eit korrigert netto driftsresultat utgjer det nær 8,4 % av driftsinntektene inklusive renter og fratrekk frå avtalt eigedomskatt til Bokn kommune.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet, men ønskte tilbakemelding på revisor sine merknader i revisjonsrapporten knytte til økonomireglement og rebudsjettering av investeringar. Oppfølging av merknadene blei lagt fram for utvalet i septembermøtet.

Utvalet tok tilbakemeldinga til orientering, men tok også inn i vedtaket at utvalet rekna med at kommunen sin praksis i forhold til avslutning av investeringsrekneskapen «i størst mogeleg grad tilpassast til gjeldande lov og rettleiing – slik som revisor tilrår».

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Tysvær kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 40/16.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt om «*Kvalitet på opplæringa i skulane*» blei lagt fram for kontrollutvalet i februar og kommunestyret i mars (07.03.17, sak 13/17). Kommunestyret konstaterte at blir arbeidd godt innan alle satsingsområda i skulen, men at rapporten viste også at det er forbettingspotensiale innan resultatoppnåing og systematikk. Det blei sett ein frist for tilbakemelding innan 1. desember. Tilbakemelding er venta til fyrste møtet i 2018.

I same møtet blei det gjeve tilbakemelding om etterfølgjande arbeid etter rapport om «*Internkontroll*» som blei vidaresendt til kommunestyret sitt møte 07.03.17, sak 12/17. Kommunestyret vedtok i møtet at dei ønskte ein ny statusrapport innan 1. mars 2018, då ein del manglar ikkje var retta opp, planer var lagt og forbeteringar var under arbeid.

Kontrollutvalet bestilte i februar nytt prosjekt innan tema «*Økonomistyring*». Rapport blei lagt fram for utvalet i september og er vidaresendt til kommunestyret. Ordførar valte å ikkje leggje saka fram for kommunestyret i desember, slik at saka kjem til kommunestyremøtet 06.02.18. Revisjonen sine tilrådingar var følgjande:

- ✓ *større grad av systematikk i å identifisere, følgje opp og evaluere innsparings- og omstillingstiltak,*
- ✓ *i større grad gjennomføre årsaksanalyser som forklar kva som er kostnadsdrivande for deira tenester,*
- ✓ *i større grad gjøre konsekvensanalyser ved val av tiltak og*
- ✓ *syta for at dei valde tiltaka vert evaluert i høve til effekt.*

Forvaltningsrevisjonen har vist at kommunen har forbettingspotensiale, men dei avdekkjer ingen store manglar. Kontrollutvalet meinte at ein frist for tilbakemelding med 12 månader frå kommunestyrevedtak, ville vere passande.

Kontrollutvalet valte nytt prosjekt for 2018 i november. Dei valte eit område som som dei kalla «*Investeringar - avgjerdsgrunnlag og styring*». Forvaltningsrevisorane vil komme med framlegg til prosjektmandat på nyåret.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 39/16 på bakgrunn av ei overordna analyse.

Ny felles selskapskontroll er på trappene når det gjeld Karmsund Havn IKS. Revisjonselskapet KPMG AS vil sjå nærmare på om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet vert drive i samsvar med politiske vedtak og regelverk. Utvalet vil få rapport i 2018 og saken bli lagt fram for kommunestyret til hausten.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Noverande avtale gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20 med opsjon til å forlengje avtalen med to år. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland. Han har møtt i alle fire møta. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og dei har også møtt i alle dei fire møta i 2017.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har spurt om. I 2017 ble det gjeve tilbakemelding om korleis politiske vedtak blir følgd opp, rutinar rundt post-/arkivrutinar og delegasjonsreglement. Vidare har omsorgssjefen, teknisk sjef, kultursjefen og helse- og førebyggingssjefen blitt invitert til å orientere om sine ansvarsområde.

I maimøtet etterlyste utvalet, på bakgrunn av store overskridinger på nokre investeringsprosjekt, ei tilbakemelding frå rådmannen innan dette område. Teknisk sjef orienterte i september for bakgrunn for overskridinga og deira lærdom frå desse prosjekta.

I maimøtet fekk utvalet også lagt fram eit brev frå ein bebuar på Garhaug som stilte spørsmål om det var lovleg å selje industritomt utan å varsle naboor. Utvalet vedtok å avvise saka då saka låg utanfor utvalets sitt mandat. Utvalet viste til tidlegare handsaming i teknisk utval.

Til novembermøtet blei utvalet orientert om ei sak der ein grunneigar ønskte å få utvalet til å undersøke tidlegare frådeling- og byggesaker. Utvalet avviste dette då utvalet ikkje fann at det naudsynt å gå vidare med dei forhold som var tatt opp i brevet, då utvalet ikkje skal gå inn i enkeltsaker eller overprøve politiske vedtak.

I november møtte økonomisjefen og han orienterte om førebels rekneskap 2017 og framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVARSRÅDE 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL	REGNSKAP 2016	BUDSJETT 2017	REGNSKAP 2017
Godtgjersle, kurs, m.m	50 404	82 000	133.809
Revisjonstenester (avt m/priv.)	510 059	650 000	382.188
Sekretariatstenester ((IKS))	177 000	170 000	186 000
Sum utgifter	737 404	902 000	701.997

Kontrollutvalet handsama hausten 2017 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2018. Framlegg til budsjett var på kr 786.000 eks mva. Framlegget vart lagt inn av administrasjonen i rådmannens budsjettframlegg.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert frå 2005 og vore i drift i 13 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Agder og Hordaland.

Fast utvalssekreter har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpende.

Frå Tysvær kommune er Gunn Marit Lygre valt som kommunen sin representant til representantskapet i IKSet med Anders H. Nordgård som vara. Representantskapsmøtet blei helden 24.04.17 og valt medlem møtte.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2017 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein forvaltningsrevisjonsrapport. Eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er valt ut for 2018. Utvalet har også handsama oppfølging av tidlegare rapport.

